

OPPSUMMERING - HØYRINGSFRAMLEGG

VEDTATT OG LAGT UT PÅ HØYRING AV FORMANNSKAPET DEN 26.11.2025 (SAK 099/25)

Bakgrunn:

Formannskapet utarbeida eit felles kompromissforslag i møtet 26.november. Forslaget består av endringar i høve kommunedirektøren sitt framlegg. Dette vart samrøystes vedteke, og ligg no ute på høyring fram til 10.desember. Det kan vere krevjande for lesaren som både må sjå til kommunedirektøren sitt framlegg, samt kompromissframlegget som syner endringane, for å forstå kva som faktisk vart vedtatt av formannskapet. Dette dokumentet oppsummerar alle tiltak (både dei som er behalde, endra, tatt inn/ut, samt nye tiltak), og syner kva som er endra i kompromissforslaget. Det er dette innhaldet publikum kan sende inn innspel på gjennom høyringsskjema.

Oppsummering av framlegget som no er lagt ut på høyring:

Drift (tal oppgitt i 1000 kr):

Formannskapet:

Tiltak	2026	2027	2028	2029	Endring
ADM - Administrative innsparingstiltak - Formannskapet (år 1-4)	-200	-1000	-1500	-1750	Behalde
ADM - Forventa administrativ innsparing Nordfjordnett (år 2-4)			-2000	-2500	Behalde
POL - Redusere medlemskap/tilskot - Inviro AS	-30	-30	-30	-30	Behalde
POL - Redusere medlemskap/tilskot - Midtvegen 615 AS	-20	-20	-20	-20	Behalde
POL - Redusere medlemskap/tilskot - Studentstove, tilskot gjennom GN	-40	-40	-40	-40	Behalde
POL - Redusere medlemskap/tilskot - Visit Nordfjord AS	-280	-280	-280	-280	Behalde
POL/KONS - Endre politisk organisering - Redusere kostnad gjennom å ta ned tal kommunestyre-representantar, møtefrekvens og endre delegeringsfullmakt		-55	-110	-110	Behalde
POL/KONS - Redusere medlemsskap/tilskot - Samarbeid i Nordfjord og IPR	-150	-150	-150	-150	Behalde
Omorganisering av det kommunale næringsarbeidet	-300	-600	-600	-600	Ny
Reduksjon av auken i IKT utgifter	-500	-500	-500	-500	Ny
POL - Redusere medlemskap/tilskot - Nordfjordakademiet	-200	-200	-200	-200	Tatt ut

Oppvekst:

Tiltak	2026	2027	2028	2029	Endring
ADM - Administrative innsparingstiltak - Oppvekst (år 2-4)		-500	-600	-600	Behalde
KONS - Nedskalere tenestetilbud – Vaksenopplæring	-175	-425	-425	-425	Behalde
KONS - Planlagt netto bruk/avsetning til bundne driftsfond (år 2-4)		-500	-500	-500	Behalde
POL - Felles stenging av alle barnehagane i Gloppen 3 veker på sommar	-120	-120	-120	-120	Behalde
POL - Redusere tenestenivå midlertidig - Vakant stilling PPT	-265				Behalde
POL - Redusere tenestetilbud – fysioterapi	-205	-500	-500	-500	Behalde
POL - Redusere tenestetilbud - Grunnskule, pedagog	-1400	-3400	-3400	-3400	Behalde
POL - Redusere tenestetilbud – helsestasjonen	-200	-230	-230	-230	Behalde
POL - Redusert tenestetilbud - Grunnskule, assistent	-290	-700	-700	-700	Behalde
POL/KONS - Redusere tenestetilbud – Kulturskulen	-500	-500	-500	-500	Behalde
POL - Jobbmoglegheit for unge (ønske frå Ungdomsrådet)	50	50			Tatt inn
POL - Avstutte kjøp av barnehageplassar i andre kommunar	-290	-180	-180		Tatt ut
POL - Redusert grunnbemanning i barnehage	-800	-1700	-1700	-1700	Tatt ut

Helse og velferd:

Tiltak	2026	2027	2028	2029	Endring
ADM - Administrative innsparingstiltak - Helse og velferd (år 2-4)		-500	-500	-500	Behalde
ADM - Innsparing bilhald ved utskifting av bilar – helse	-50	-50	-50	-50	Behalde
KONS - Eigeninnsats i forbindelse med innføring av nytt pasientjournalssystem		2000			Behalde
POL - Redusere mottak av flyktningar		-500	-500	-500	Behalde
POL - Redusere tenestetilbud - Pleie og omsorg, ambulerande verksemd (25800)	-1500	-1500	-1500	-1500	Behalde
POL - Redusere tenestetilbud - Pleie og omsorg, bufellesskap/samløkaliserte omsorgsbustadar (25700)	-1500	-1500	-1500	-1500	Behalde
POL - Redusere tenestetilbud - Pleie og omsorg, institusjon (25300)	-200	-200	-200	-200	Behalde
Innsparing, rasjonalisering mm i Helse og velferd	-1000	-2000	-2000	-2000	Ny

Samfunn og berekraft:

Tiltak	2026	2027	2028	2029	Endring
ADM - Innsparing bilhald ved utskifting av varebilar	-100	-150	-150	-150	Behalde
ADM - Innsparing og inntektsauke kultur, bad og idrett		-150	-300	-300	Behalde
ADM - Justering av vertskommuneavtale landbruk		-200	-200	-200	Behalde
ADM - Kutt i vedlikehald og byggtjenester kommunalteknikk	-200	-200	-200	-200	Behalde
POL - Kjøp av plan - Lokal transportplan - vegteknisk plan	300				Behalde
POL - Ta ned kapasitet på planarbeid - 1 årsverk står vakant/fylt av vikar	-480	-960	-960	-960	Behalde

Fellespostar utanom kommunalområda:

Tiltak	2026	2027	2028	2029	Endring
KONS - Auke i eigedomsskatt på næring etter retaksering i 2026 ved 7 promiller i skattesats		-4200	-4200	-4200	Behalde*
KONS - Utbyte Gloppen Energi (2 / 3.8 / 4.6 / 4.6)		-1800	-2600	-2600	Behalde
KONS - Havbruksfondet (4 / 1.5 / 4 / 1.5)		2500		2500	Behalde
KONS - Netto finans (80 % inv grad, likv effekt skatt, rentebane til KBN)		750	800	900	Behalde
POL - Administrative innsparingstiltak – Fellesrådet	-100	-150	-200	-250	Behalde

*To relevante verbalvedtak vart løfta vedrørende eigedomsskatt:

- **Verbalvedtak i kompromissframlegget som no ligg på høyring:**

«Retaksering av næringseigedomane i Gloppen må gjennomførast som planlagt i 2026.

Det er uheldig at det er 20 år sidan sist retaksering. Dette bør som norma tilseier gjennomførast kvart 10. år (+/-). Når vi får kunnskap om kva verdi næringseigedomane faktisk får når retakseringa er gjennomført kan ein gjere vurderingar på kva promille-sats eigedomskatten skal ha.

Næringslivet er ikkje tente med store årlege hopp i størrelsen på eigedomsskatt.

Dette må ein ta hensyn til når saka kjem opp til politisk behandling i 2026.»

- **Alternativt verbalvedtak som vart vedtatt i eget punkt av formannskapet 26.11 (følgjer saka):**

«Sel, hytter og naust i tilknytning til støylane i kommunen var opprinneleg ein aktiv del av landbruket og husdyrhald. Slik er det ikkje nødvendigvis i dag.

Kommunestyret ber kommunedirektøren legge fram ei heilheitleg sak for politisk behandling der også ei tilråding om eigedomar som skal skattleggast som fritidsbustad inngår. Hensikten er ei rettferdig byrdefordeling for eigedomsbeskatninga.»

Investering:

Lista over investeringar i kommunedirektøren sitt framlegg finn de ved å [trykke her](#). I framlegget frå formannskapet som no er lagt ut på høyring er følgande endringar gjort i høve kommunedirektøren sitt framlegg:

- **Køretøy og ladepunkt (reduisert):** Redusert med 500 000 kr kvart år i økonomiplanperioden
- **Investeringar i inventar og utstyr – samfunn og berekraft (reduisert):** Redusert med 200 000 kr kvart år i økonomiplanperioden
- **Vegutbetring – Firdavegen (utsett):** Utsett 1 år
- **Moglegheitsstudie Sandane og Nordstranda skule (utsett):** Utsett 1 år
- **Full avfallssortering i kommunale formålsbygg (utsett):** Utsett 2 år
- **Ny kinomaskin (tatt inn):** Tatt inn alternativ 1 med byte av kino-maskina (ikkje lydanlegg)
- **Bustadfelt eksisterande (tatt inn):** Tatt inn 500 000 kr i 2029 til planlegging av kommunale bustadfelt